

Innkalling

REGIONRÅDET FOR HAUGALANDET **3/23**

DATO: torsdag 8. juni 2023

TID: 15.00 – 18.00

STED: Tysvær rådhus – kommunestyresalen

Minner samtidig om at det er invitert til middag saman med Sunnhordalandsrådet på Aksdal Inn klokka 19.30. Me har og holdt av rom på hotellet. (1.099,- inkl frukost) Send rask tilbakemelding dersom du skal ha rom.

Fellesmøtet med Sunnhordalandsrådet neste dag er klokka 09.00 på Tysværtunet.

SAKSLISTE

Sak 16-23 Godkjenning av innkalling og saksliste

Sak 17/ 23 Godkjenning av referat frå regionrådsmøte 21. april 2023

Referatet er [vedlegg 1.](#)

Framlegg til vedtak: Protokollen frå regionrådsmøtet 21. april blir godkjent.

Sak 18-23 Orienteringssak: Orientering frå nokre av konsortiene
Utsira nord

AU har invitert konsortier som har lokal representasjon i regionen. Dei vil presentera seg sjølv, samt seia noko om kva dei som eventuell utbyggar vil gjera for å sikra lokal verdiskaping i regionen. I tillegg har me bedt dei utfordra kommunane på korleis kommunane kan leggja til rette, slik at det blir høg lokal verdiskaping.

Desse konsortiene har pr. dato stadfesta at dei kjem: Deep Wind Offshore, RWE, Source Galileo Norge.

Sak 19-23 Orienteringssak: Alternativ til vold.

Marius Råkil frå organisasjonen «Alternativ til vold» kjem for å presentera organisasjonen. Han har sendt eit notat som de finn [her som vedlegg 2](#)

Sak 20 - 23 Vedtakssak: Interkommunalt politisk råd – Haugalandrådet IPR

Det er utarbeidd eit eige sakspapir som styret har gjennomgått. [Dette ligg som vedlegg 3.](#)

Styret sitt framlegg til vedtak:

1. *Regionrådet blir skilt ut frå Haugaland vekst IKS med namnet **Haugalandrådet IPR**.*
2. *Representantskapet i Haugaland vekst IKS skal vera identisk med dei som har røysterett i Haugalandrådet IPR.*
3. *Haugaland vekst leverer sekretariatstenester til Haugalandrådet.*
4. *Kostnadene til Haugalandrådet IPR blir dekkja av grunnsummen som kommunane i dag betaler til Haugaland vekst IKS.*
5. *Administrasjonen blir bedt om å laga framlegg til avtalar, som kan leggest fram i eit digitalt møte i representantskapet snarast. Dette blir tilrådinga til kommunestyra. Administrasjonen blir og bedt om å laga framlegg til sakspapir for kommunane.*

Sak 21-23 Drøftingssak: Kjennskap til regionale prosessar for nye ordførarar og kommunestyrerepresentantar.

Det vil bli to eller fleire nye ordførarar frå november, og i alle fall ein del nye formannskapsmedlemmer. Kva tiltak bør Haugaland vekst gjera for at denne overgangen skal gå best mogleg?

- Opplærings – eller informasjonstilbod?
- Felles formannskapsmøte?
- Samling for nye ordførarar?
- Saker som det er ekstra viktig blir godt informert om?
- Andre ting administrasjonen bør førebu?

Sak 22-23 Orienteringssak: Aktuelle saker frå Haugaland vekst

- Årsmelding frå Haugaland vekst. Link til denne er [her](#).
- Arbeidet rundt ulike problemstillingar for havvind og grøn industri.
- Arbeidet rundt fleire statlege og fylkeskommunale arbeidsplassar lokalt.
- Arendalsveka
- Nye tilsette
- Yrkesmesse til hausten
- Prosjekt

Sak 23-23 Ymse

- Viss det er stortingsrepresentant med på møtet: «Våre stortingsrepresentantar orienterer».
- Andre saker som blir meldt regionrådsleiar.
- Neste regionrådsmøte blir på Utsira 21. september klokka 13.00-17.00. Avslutning for regionrådsperioden om kvelden?

0.1.1. Vedlegg 1 Protokoll regionrådsmøte 21. april

DATO: fredag 21. april 2023

TID: 08.30-10.00

STED: Teams

TIL STEDE

Karmøy kommune:	Jarle Nilsen, Øystein Hagerup
Haugesund kommune:	Arne Christian Mohn og Ole Bernt Thorbjørnsen
Tysvær kommune:	Sigmund Lier og Sigurd Eikje
Utsira kommune:	Marte Eide Klovning og May Britt Jensen
Bokn kommune:	Osmund Våga og Ingeborg Skjølingstad
Sveio kommune:	Linn Therese Erve og Jostein Førre
Vindafjord kommune:	Ole Johan Vierdal og Yngve Bergesen
Suldal kommune:	Gerd Helen Bø og Karin Dokken Austvik
Sauda kommune:	Asbjørn Birkeland
Etne kommune:	Mette Heidi Ekrheim og Filippo Ballarin
Rogaland fylkeskommune:	Lin Veronica Jacobsen og Gunn Claire Westad
Administrasjonen:	Inger K. Haavik, Øyvind Valen og Tora Eide
Stortingpolitikere:	Lisa Klungland

Møtet var innkalt til Utsira, men på grunn av begravelsen til varaordfører i Karmøy kommune ble dette avlyst, og møtet ble forkortet og holdt på teams

Saks ID	Tema
Sak 8 - 23	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjent
Sak 9 - 23	Godkjenning av protokoll fra regionrådsmøtet 10. februar 2023 Protokollen ligger som vedlegg 1.

	<p>Enstemmig vedtak: <i>Protokollen for regionrådsmøtet 10. februar blir godkjent.</i></p>
<p>Sak 10- 23</p>	<p>Vedtaks sak: Havvindstrategi for regionen</p> <p>Saksutredningen ligger i innkallingen. Selve havvindstrategien ligger her</p> <p>Enstemmig vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. <i>Regionrådet for Haugalandet vedtar Havvindstrategi Utsira Nord 2023-2030, slik som lagt frem i saken.</i> 2. <i>Regionrådet ber Haugaland Vekst i perioden stille med egen ressurs som havvindkoordinator, og ber samtidig kommunene om å bidra med nødvendige personalressurser for å nå målene i strategien.</i> 3. <i>Strategien sendes til kommunene for orientering.</i>
<p>Sak 11 -23</p>	<p>Vedtaks sak: Profilerings av regionen innen Grønt industriløft og havvind – søknad til «Regionrådets fond»</p> <p>Saksutredningen ligger i innkallingen.</p> <p>Styret sin innstilling var slik: <i>Regionrådet for Haugalandet bevilger inntil 250.000 kroner fra «Regionrådets fond» til profilering av regionen som grønn industriregion, med i første omgang særlig fokus på havvind.</i></p> <p>Arne-Christian Mohn hadde et tilleggsforslag slik at endelig vedtak ble slik:</p> <p>Vedtaks enstemmig:</p> <p><i>Regionrådet for Haugalandet bevilger inntil 250.000 kroner fra «Regionrådets fond» til profilering av regionen som grønn industriregion, med i første omgang særlig fokus på havvind.</i></p> <p><i>Det bevilges også inntil 250.000 kroner for innleie av personell til å arbeide med de andre delene av det grønne industriløftet.</i></p>

Sak 12 - 23	<p>Vedtakssak: Reiselivsstrategi for regionen</p> <p>Sakspapiret ligger i innkallingen. Selve reiselivsstrategien ligger her.</p> <p>Vedtak som innstilling:</p> <p><i>Regionrådet for Haugalandet vedtar å sende oppdatert Reiselivsstrategi for Haugalandet 2019-2025 til eierkommunene i Haugaland Vekst for orientering/videre behandling.</i></p>
Sak 13 – 23	<p>Drøftingssak: Synspunkt, evaluering og eventuelt etterarbeid etter to samlinger; Vegmøtet 9. mars og departement- og Stortingsmøter 29. mars</p> <p><u>Vegmøtet 9. mars:</u> Her møtte 40 personer med samferdselsminister Jon-Ivar Nygård i spissen. Frokostmøte og busstur Aksdal – Bakka – Solheim – Gismarvik.</p> <p><u>Oslo 29. mars.</u> 9 ordførere deltok sammen med administrasjonen i Haugaland vekst. Følgende tiltak ble gjennomført:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Møte med statssekretær i tre departement: Finansdepartementet, Olje- og energidepartementet og Kunnskapsdepartementet. • Seminar om Haugalandet som havvindregion. Her deltok statssekretær Andreas Bjelland Eriksen fra OED • Møte og middag med Rogalandsbenken. 8 stortingsrepresentanter deltok på møtet, og på middagen kom flere av disse samt to som ikke hadde anledning til å være med på benkemøtet. I tillegg kom to fra Sunnhordaland. <p>Saken ble drøftet og tatt til orientering</p>
Sak 14 - 23	<p>Orienteringssak: Aktuelle saker fra Haugaland vekst</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bemanningssituasjonen. To nye stillinger er utlyst og det blir planlagt tilsetting i løpet av mai, med tiltredelse etter sommeren. • Interkommunalt politisk råd. Etter ny kommunelov må råd som vårt skilles ut som egne organ. Dette blir forberedt sammen med Sunnhordlandsrådet. • Omdømmearbeidet, Mingel og Sildikon Valley. • Arbeid med vertskapsrapport • Arendalsuka. Sammen med Sunnhordaland har vi gjort avtale om to hus med til sammen 22 senger og en båt med havneplass i sentrum med tre senger. Alle sengeplassene er nå bestilt. Vi er nå i gang med planleggingen av opplegget på båten.

	<ul style="list-style-type: none"> • Nasjonalt senter for yrkesutdanning. Den nye strategien sier at dersom det opprettes nye statlige arbeidsplasser skal de legges utenfor de store byene. Hele Rogaland bør støtte opp om Haugalandet. • Fylkeskommunale stabsarbeidsplasser utenfor Stavanger. Notat er ferdig. Vi skal nå først invitere oss til møte med fylkesledelsen, så to møter med fylkestingsrepresentanter, ett på Jelsa og ett i Haugesund. • Floating wind days, god påmelding til konferansen. «Delegation days» i forkant med 120 internasjonale deltakere. Ordførerne blir invitert til den 23. mai. Haugaland vekst har stand i forgården til Carlos. • Neste regionråd er i Aksdal 8. juni, middag sammen med Sunnhordalandsrådet om kvelden og felles regionråd 9. juni. Hovedtema på fellesrådet blir reiseliv. <p>Arne-Christian orienterte om at han på vegne av Haugesund kommune sitter i universitetsfondets styre Rogaland. Hen pekte på at det er viktig at de støtter oss slik at det blir universitet i Haugesund. Det blir arbeidet med en samkjøring.</p>
Sak 15 – 23	<p>Eventuelt</p> <ul style="list-style-type: none"> • Arne-Christian Mohn tok opp «Høring fra OED om kraft fra Blåfalli», Han foreslo at Haugaland vekst skriver en positiv uttale til denne. Mette Heidi Ekrheim ba om at det blei underskrift fra hver ordfører slik at de som ikke ville ha uttalen som foreslått ikke ble med. Haugaland vekst følger opp saka. <p>Sigmund Lier ba om at det blir tatt kontakt med Sunnhordalandsrådet for å lage et tilsvarende skriv</p> <ul style="list-style-type: none"> • Inger Håvik orienterte om at Haugaland vekst tenker å sende et kort innspill til NOMer av alt – raskere». • Utsira / Haugaland vekst orienterte om at de ønsket å legge regionrådsmøtet 8. september til Utsira siden dette møtet måtte gjennomføres på Teams.

0.1.2. Vedlegg 2 Notat frå «Alternativ til vold»

Til kommunene på Haugalandet vedrørende muligheten for å etablere et helhetlig behandlingstilbud til både den som utøver vold og de som utsettes for vold i nære relasjoner, i regi av stiftelsen Alternativ til Vold.

Stiftelsen Alternativ til Vold (ATV)

ATV er det eldste europeiske spesialiserte behandlingstilbudet til utøvere av vold i nære relasjoner og deres familier. Virksomheten startet opp i 1987. ATV har i dag kontorer i Oslo, Romerike, Asker og Bærum, Follo, Drammen, Tønsberg, Porsgrunn, Arendal, Kristiansand, Stavanger, Bergen, Trondheim, Bodø, Tromsø og Finnmark. Grunnstrukturen i finansieringen av kontorene er et «spleiselag» mellom lokale kommuner/vertskommune, og staten ved Barne- og familiedepartementet (BFD). Det finnes god forskningsdokumentasjon på det kliniske arbeidet ATV driver, både med hensyn til hvordan det går med klientene i behandling, samt hva som ser ut til å være virksomme faktorer i behandlingen som gis.

www.atv-stiftelsen.no

ATV er en samarbeidsorientert organisasjon. ATV har langvarig erfaring på å inngå i et samlet tjenestetilbud sammen med krisesenter, barnevern, familievern, psykisk helsevern, politiet, sosialtjenesten etc.

Det finnes i dag god dokumentasjon på både *samfunnskostnadene* som følger med vold i nære relasjoner, og hvor *alvorlige konsekvenser* volden har for de som opplever vold hjemme. Byrået Menon Economics har på oppdrag fra Justisdepartementet gjort en beregning på hva vold i nære relasjoner koster samfunnet årlig. Resultatene ble presentert i februar i år, og viser at denne kostnaden for året 2021 er beregnet til 92 milliarder kroner. Dette utgjør ca. kr. 17 000,- per innbygger i Norge. Overført til Haugalandregionen gir dette en årlig *total kostnad* på ca. 2 milliarder (både kommunale, fylkeskommunale og statlige kostnader).

Forskeren Vincent Felitti's verdenskjente **ACE-studie** («Adverse Childhood Experiences» / belastningsfaktorer i barndommen) viser at voldsutsatthet i barndommen er en under-rapportert årsak til *utvikling av somatiske, sosiale, rusrelaterte og psykiske problemer i allmennhet*. De samme resultatene repliseres i den svenske «Våld och hälsa»-studien, EUs FRA-studie og Nasjonalt kunnskapssenter for vold og traumatisk stress (NKVTS) sine omfangsstudier fra 2014 og 2023. I den siste studien kommer det frem at én av fem kvinner i Norge har opplevd å bli voldtatt i løpet av livet, og at nesten 50 prosent av alle menn har vært utsatt for alvorlig fysisk vold. Forskningen ved ATV viser også at majoriteten av de voksne som utøver vold som ATV møter, selv har opplevd vold i egen oppvekstfamilie.

Et ATV-kontor for Haugalandet med et helhetlig behandlingstilbud til både den som utøver vold og de som utsettes for vold i nære relasjoner.

Et ATV-tilbud vil kunne bygge på en samfinansiering mellom staten og kommunene på Haugalandet. Tilbudet legger til grunn at staten bidrar med halvparten av driftskostnadene, og at kommunene går sammen om finansieringen av den andre halvparten av driftskostnadene, basert på de respektive kommunenes innbyggertall.

Etterspørsel: En gjennomgående erfaring i ATV er at behandlingstilbudene som etableres blir brukt i stort monn. I en etablering av et ATV-kontor for Haugalandet, skal kontoret betjene 10 kommuner, med en samlet befolkning på ca. 120 000 innbyggere.

Tilbudet: Kontoret behøver en minimumsbemanning på 5 årsverk når mandatet er behandlingstilbud til både utøvere av og utsatte for vold i nære relasjoner. Dette er primært begrunnet i hvilke ressurser som behøves for å ha en minimumskapasitet for å ivareta et slikt mandat (befolkning på ca. 120 000 innbyggere) ut fra erfaring ved andre ATV-kontorer.

For å drive et kontor med 5 årsverk vil det være behov for en finansiering i størrelsesorden 1,4 mill. kroner per årsverk. For helårsdrift fra og med 2024 vil kostnaden for fullt driftsår utgjøre ca. 7 mill. kroner. Tilskuddet prisreguleres årlig. Haugalandskommunene vil således måtte stå for 3,5 mill. i 2024. Kostnadsberegningen bygger på erfaringen med etablering av nye ATV-tilbud de senere årene (Follo, Trondheim, Bodø og Finnmark). Per i dag er det statens deflator og kommunal deflator som legges til grunn for den årlige prisjusteringen. Istandsetting av lokalene til et ATV-kontor fordrer engangskostnader i størrelsesorden 1-2 mill. Dette dekker oppussing, lydisolering, inventar, IT, driftsmidler etc. Det foreslås å dekke denne kostnaden under tilskuddet til helårsdrift i 2024, da det vil ta noe tid å rekruttere medarbeidere, og finne og istandsette lokaler. Erfaringsmessig tar dette inntil et halvt år.

Kostnadsberegning/ kostnadsfordeling:

Haugalandet

Kommune	Befolkning	Helårsdrift fra 2024	Samf kostn *
Karmøy	42 903	1 248 778	729 351 000
Haugesund	37 855	1 101 845	643 535 000
Tysvær	11 405	331 965	193 885 000
Utsira	208	6 054	3 536 000
Sveio	5 732	166 841	97 444 000
Bokn	868	25 265	14 756 000
Vindafjord	8 844	257 422	150 348 000
Etne	4 073	118 553	69 241 000
Suldal	3 815	111 043	64 855 000
Sauda	4 543	132 233	77 231 000
	120 246	3 500 000	2 044 182 000

2024 (helårsdrift):

Driftskostnad fullt driftsår - kommunenes andel	3 500 000
Per innbygger	29

* RAPPORT 2023 - SAMFUNNSKOSTNADER AV VOLD I NÆRE RELASJONER. Menon Economics

Forslag til driftsstruktur: ATV inngår én samarbeidsavtale som underskrives av alle kommunene og ATV. Avtalen regulerer partenes rettigheter og plikter, inkl. spesifisering av behandlingsskapasitet. ATV står for den totale driften (faglig, økonomisk og administrativt ansvarlig for tilbudet som gis). ATV har arbeidsgiveransvaret for de ansatte i tilbudet. ATV fakturerer hver kommune ut fra den økonomiske fordelingsnøkkelen som samarbeidskommunene fastsetter (basert på befolkningsgrunnlag).

Oslo, 19. mai 2023

Med vennlig hilsen



Marius Råkil
Direktør
Stiftelsen Alternativ til Vold (ATV)

Vedlegg 3 – Sak 21/23 Interkommunalt politisk råd

DATO: tirsdag 30. mai 2023

SAK NR: 24-23

EMNE: Interkommunalt politisk råd

SAKSBEHANDLER: Øyvind Valen

UTREDNING

0.1.3. Forslag til vedtak:

1. Regionrådet blir skilt ut frå Haugaland vekst IKS med namnet **Haugalandsrådet IPR**.
2. Representantskapet i Haugaland vekst IKS skal vera identisk med dei som har røysterett i Haugalandsrådet IPR.
3. Haugaland vekst leverer sekretariatstenester til Haugalandsrådet.
4. Kostnadene til Haugalandsrådet IPR blir dekkja av grunnsommen som kommunane i dag betaler til Haugaland vekst IKS.
5. Administrasjonen blir bedt om å laga framlegg til avtalar, som kan leggest fram i eit digitalt møte i representantskapet snarast. Dette blir tilrådinga til kommunestyra. Administrasjonen blir og bedt om å laga framlegg til sakspapir for kommunane.

5.1.1. Bakgrunn

Ny kommunelov i 2019 fastslo at regionråd som var organisert gjennom § 27 om oppgåvefelleskap i gammal lov måtte gjerast om til eit «Interkommunalt politisk råd» - § 18-1.

Fristen for dette var inneverande periode. Vårt regionråd er ikkje organisert slik, me er organisert gjennom eit IKS. Våre regionrådsnaboar er alle organisert på same måte, men i resten av landet er det meir sjeldan.

Regionråd som er organisert slik vårt råd er organisert, har meint at lovendinga ikkje får konsekvensar, men advokatar i KS og i Samfunnsbedriftene (Tidlegare KS-bedrift) meiner no at alle regionråd må organiserast som interkommunale politiske råd (IPR). Dette treng ikkje nødvendigvis ha store konsekvensar for oss, men det må gjerast nokre formelle vedtak.

Administrasjonen har hatt fleire møte med advokat Håkon Riegels i Samfunnsbedriftene, og me har hatt ein del av desse saman med Ryfylkerådet, Hardangerrådet, Sunnhordalandsrådet og Nordhordalandsrådet. Riegels har og vore konsultert på eit av styremøta i Haugaland vekst IKS.

I dette styremøtet gjorde styret i Haugaland vekst IKS fylgjande vedtak:

Vedtak styret i Haugaland vekst IKS sak 20/23:

Arbeidet med å få skilt ut regionrådet i et Interkommunalt politisk råd (IPR) settes i gang og Håkon Riegels i Samfunnsbedriftene engasjeres til å bidra i prosessen. Tidsplan for arbeidet:

- 23. mai 2023 Sak i HV styret (flyttet til 30. mai)
- 8-9. juni 2023 Orienteringssak i regionrådet
- 8. sept 2023 Sak i regionrådet (avtaler mm er på plass)
- Etter regionrådsmøtet, politisk behandling i kommunene
- Representantskapsmøter, signering vedtekter for IKS og IPR
- Årsskiftet 23/24 IPR'et er på plass

Utgreiing

Det er i, følgje advokat Riegels, tre alternativ som me kan organisera dette på:

1. Haugaland Vekst IKS blir omdanna til eit interkommunalt politisk råd i sin heilskap. Det må i tilfelle vera full offentlegheit for alle delar av selskapet slik som i vanleg kommunal drift. Som IKS er det i dag høve til lukka representantskap og styremøte. Vårt selskap har jo i dag fleire oppgåver som ikkje er direkte relatert til regionrådet, slik at dette kanskje ikkje er så aktuelt.
2. Regionrådet blir eit IPR utan at det er eige rettssubjekt. I så tilfelle må rekneskapen innlemmast i kontorkommunen sitt rekneskap. Det er ikkje høve til å la IKS vera eit morselskap til IPR utan at ein kjem under anbudsreglane. Vel me denne måten å gjera det på kan ikkje Haugaland vekst vera sekretariat utan at det har vore ein anbudsrunde.
3. Regionrådet blir skilt ut frå Haugaland vekst IKS og får eit eige organisasjonsnummer. Det kan då vera søsterselskap til IKS-et. Føresetnaden er då at det er dei same eigarane i begge selskapa. Dersom det er slik kan IKS-et levera sekretariatstenester til regionrådet utan anbudsprosess.

Styret har tilrådd at ein vel dette tredje alternativet. Dette kan då gjerast på denne måten:

- Selskapsavtalen til Haugaland vekst IKS må justerast slik at punkta om regionråd går ut. I tillegg må ein sjå på korleis selskapet er finansiert av kommunane, som er skildra i §19. Det må lagast ein selskapsavtale til IPR-et, og denne må og godkjennast i alle kommunar.
- Haugaland vekst kan framleis vera sekretariat for det interkommunale politiske rådet. Sidan dei er «søstre» treng ein ikkje ha ein anbudsprosess om dette.
- I det daglege vil det likna slik me arbeider i dag; Regionrådet arbeider politisk, har orienteringar og gjer vedtak, medan IKS-et gjennomfører vedtak, er sekretariat og i tillegg arbeider med regional næringsutvikling, omdømmearbeid og tilhøvet skule- arbeidsliv.
- Me fortset med representantskap i Haugaland vekst IKS slik som i dag; Alle ordførarane og fylkesordførarar med lik vekting. Det vil då vera ein føresetnad at det er dei same som har røysterett i regionrådet (IPR). Regionrådet sine møte må vera offentlege, og dette vil og inkludera eit eventuelt styre og all korrespondanse til sakene. IKS-lova er under arbeid for justering. Signala er at representantskapet i IKS sannsynlegvis og vil bli opna, men at styremøta framleis kan vera unnateke offentlegheit. Det blir valt styre i IKS-et slik som i dag, medan AU i regionrådet er «styre» i IPR-et. Denne måten å organisera seg på har som følgje at det ikkje er mogleg å berre vera medlem i regionrådet utan samtidig og vera eigar i Haugaland vekst IKS.
- Det må vera eit eige rekneskap for IPR-et med utgifter til drifta av rådet. Rekneskapen kan førast av same rekneskapsførarar som IKS-et. Det må gjerast ei endring av avtalane om

innbetaling, men dette må kunne ordnast slik at summene blir slik dei er i dag for kvar kommune.

5.1.2. Økonomi

I utgangspunktet bør ikkje denne organiseringa kosta meir enn den organiseringa me har i dag. Det er vanskeleg å seia kva kostnader som følgjer regionrådet, men det vil dreia seg om tre faktorar:

- Ein del av eit årsverk som sekretariat.
- Ein del av administrative kostnader (husleige, kopi, IKT, m.m.)
- Møtekostnader.

Haugaland vekst IKS blir i dag finansiert gjennom:

- tilskot til prosjekt,
- tilskot frå Rogaland fylkeskommune,
- tilskot frå kommunane. Tilskotet frå kommunane er sett saman av ein lik grunnsum for alle, og eit beløp pr. innbyggjar. Dette er i tillegg justert med ulike faktorar for kvar kommune.

Det er ulike alternativ for korleis IPR-et skal finansierast. Det er naturleg å tenka at kostnader til regionråd skal fordelast likt på kvar kommune, og at det er dette som ligg bak grunnsummen som ligg i avtalen som gjeld i dag. Denne er ved utarbeiding av budsjett 2023 kr. 57.785 for kvar kommune. Framlegget er at Haugalandsrådet IPR blir finansiert med ei lik årleg betaling frå kvar kommune som tek utgangspunkt i grunnsummen i dag, sett til 61.000 frå 1.1.24. Betalinga til Haugaland vekst IKS blir då slik som i dag, men utan grunnsummen.

Avtalen for kvar kommune blir då slik avtalen er i dag, men den blir fordelt på to selskap. Dette vil ha som føresetnad at kostnaden i IPR-et er om lag som innbetalt grunnsum, pr. i dag rundt 600.000. Ein vurdering av kva arbeidstid som går til regionrådet i dag, samt møtekostnader og del av kontorhald, tilseier at dette er rett vurdering.

Denne måten å finansiera selskapet gir færre endringar i selskapsavtalane, og det vil heller ikkje vera endringar i praksis, slik denne blir opplevd i dag.

Namn

Råda rundt oss har alle «region + rådet» i namnet sitt. Namn på dette selskapet og rådet kunne på same måte vera **Haugalandsrådet IPR.**

Konklusjon:

Styret foreslår ei deling av selskapet som tilfredsstillar lovverket, men som samtidig gir få endringar i drifta slik denne blir gjennomført i dag. Det vil heller ikkje bli nemnande endringar i utgifter eller i behov for innbetalingar frå kommunane.